



Nesjarane - kan dei vinna igjen med redusert mannskap? (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Denne påsken blir det 2 quiz-oppgjer i bygda, fyrst på Systrene Nilsen skjærtorsdag og så på påskeafta i låven på Dønhaug. Det er ikkje innmelding føreåt på Dønhaug, men til oppgjeret hjå Systrene Nilsen hadde det til i ettermiddag meldt seg 11 lag.**

**Det var fleire typiske feriegjestlag med innslag frå til dømes Sandnes og Skorpo. Leiinga slår fast at oppslutnaden er lovande, men at målsettinga er ny rekord-deltaking som er 21 lag.**

Suksess-laget i Uskedalen er framfor alle Nesjarane frå Neset som til no har kapra 6 av 8 moglege sigrar og naturleg nok stiller opp som favorittar også denne gongen,

Sjølve åtvarar dei no sterkt mot eit slikt stempel grunna fråfall, som gjer at dei denne gongen truleg lyt stilla med eit reint familielag.

Det stiller også andre Uskedalslag som må betraktast som skarpskodde og det bør ikkje bli nokon lett match for feriegjestane frå Neset som truleg ikkje stillar opp på Dønhaug.

Bjørn Sturle Hillestad, mannen til ei av systrene, er programleiar også denne gongen. Han er profesjonell og rett mann på rett plass og vil utan tvil gjera sitt til at det vert ein triveleg kveld med frisk hjernetrim

Av Ola Matti Mathisen